



Randi Dale

Saksnr. 26/470	Dok-ID 26/4316	Arkivkode FA-K46	Sakshandsamar JOF	Dato: 07.04.2026
-------------------	-------------------	---------------------	----------------------	---------------------

**Vedtaksbrev: Kommunal forskrift om opning av jakt, minsteareal og fellingsavgift på hjort**

Viltnemnda gjorde i møte 10.03.2026, sak 003/26, følgende vedtak:

Viltnemnda vedtek å legge framlegg til kommunal forskrift om opning av jakt, minsteareal og fellingsavgift ut på høyring, med følgende endring:  
Satsar for fellingsavgift settast til 70% av maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortinget sitt budsjettvedtak.

Med helsing

Jorunn Flæthe  
politisk sekretær

*Dette brevet er elektronisk godkjent og mangler av den grunn signatur*



Saksnr. utval	Utval	Møtedato
003/26	Viltnemnda	10.03.2026

## **Kommunal forskrift om opning av jakt, minsteareal og fellingsavgift på hjort**

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Viltnemnda vedtek å legge framlegg til kommunal forskrift om opning av jakt, minsteareal og fellingsavgift ut på høyring.

### **10.03.2026 Viltnemnda**

#### **Handsaming:**

#### **Terje Instefjord sette fram følgande endringsframlegg:**

Viltnemnda vedtek å legge framlegg til kommunal forskrift om opning av jakt, minsteareal og fellingsavgift ut på høyring, med følgande endring:

Satsar for fellingsavgift settast til 70% av maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortinget sitt budsjettvedtak.

#### **Avrøysting**

Framlegg frå Instefjord: Samrøystes vedteke

#### **VI003/26 VEDTAK:**

Viltnemnda vedtek å legge framlegg til kommunal forskrift om opning av jakt, minsteareal og fellingsavgift ut på høyring, med følgande endring:

Satsar for fellingsavgift settast til 70% av maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortinget sitt budsjettvedtak.

#### **Saksutgreiing:**

#### **Bakgrunn**

Den 1. juli 2026 vil viltressurslova (lov 20. juni 2025 nr 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv.) tre i kraft. Frå same tidspunkt vil dagens viltlov (lov 29. mai 1981 nr 38 om jakt og fangst av vilt) bli oppheva.

Viltressurslova vidarefører viltlova sine krav om at kommunen må fastsette forskrift for å opne for jakt på elg, hjort og rådyr og for fastsetting av minsteareal (viltressurslova § 42). Ei rekkje kommunar har vedteke ei forskrift som både opnar for jakt på hjortevilt og fastset minsteareal, medan fellingsavgiftene i hovedsak vert fastsett gjennom kommunale budsjettvedtak eller gebyrregulativ.

Viltressurslova når den trer i kraft, innfører eit krav om at kommunar som ynskjer å kreve inn fellingsavgift for kvart dyr som fellast av elg og hjort, må gjere dette i forskrift, jf. viltressurslova § 9 fjerde ledd. Fellingsavgiftene må fastsetjast innanfor rammer vedteke av

Stortinget. Gjeldende rammer følgjer av Prop. 1 S (2024-2025) fra Landbruks- og matdepartementet s. 131.

Landbruksdirektoratet tilrår at kommunen fastset ei felles forskrift for opning av jakt, fastsetting av minsteareal og for fastsetting av fellingsavgifter. Deretter må forskrifta reviderast ved behov. Det vil gjere beslutningene lettare tilgjengeleg for både jegerar, interesseorganisasjonar og øvrige viltmyndigheiter.

### **Vurdering**

I Høyanger kommune har vi ei forskrift om forvaltning av hjort og fastsetting av minsteareal (FOR-2024-03-07-524), som sist vart oppdatert i 2024 med endring av minstearealet i Ortnevik.

Minsteareal er det arealet eit vald må disponere for å verte godkjent som eit eige vald og for å få tildelt fellingsløyve på hjort. I Høyanger kommune er minstearealet 500 dekar i heile kommunen med unntak av valda Thune, Brekke og Fitje i Ortnevik der minstearealet er 250 dekar. Differensiering av minstearealet er eit verkemiddel for å redusere skadeomfanget som ein stor hjortestamme kan påføre landbruksnæringa. I Ortnevik er det mykje hjort med omfattande beiteskader på inmarksareal, og difor er minstearealet sett ned i denne delen av kommunen.

Det har ikkje kome innspel på endringar i minstearealet i andre delar av kommunen, slik at minstearealet fastsett i kommunal forskrift frå 2024 bør vidareførast i ny forskrift.

Den maksimale satsen for fellingsavgiftene for hjort som er vedteke av Stortinget er per no; kr 310 for kalv og kr 520 for vakse dyr. Fellingsavgiftene vert vanlegvis vedteke av viltnemnda i Høyanger kvart år på vårparten og i Høyanger kommune har fellingsavgiftene vorte sett noko lågare enn dei maksimale satsane. I 2025 var dei kr 400 for vaksne dyr og kr 200 for kalv. I ny forskrift må fellingsavgiftene fastsetjast innafor rammer vedtekne av Stortinget og ein kan ikkje legge opp til å vedta ny forskrift kvar gong det vert endring i fellingsavgiftene. Det bør difor ikkje skrivast inn ein spesifikk sum i den ny forskrifta. Dersom kommunen ynskjer å halde fellingsavgiftene på eit noko lågare nivå enn dei maksimale satsane, kan ein prosentsats av dei maksimale fellingsavgiftene fastsetjast i forskrifta.

Administrasjonen har utarbeidd eit framlegg til ny kommunal forskrift om opning av jakt, minsteareal og fellingsavgift - sjå vedlegg. Der ligg det inne framlegg om å setje fellingsavgifta til 80% av dei maksimale satsane. Dette for ikkje å få ein for stor auke i avgiftene frå eitt år til eit anna, samt at ein ynskjer å stimulere til eit høgt uttak av hjort.

Forvaltningslova § 37 omhandlar korleis kommunen skal sakshandsame forskrifter. Forvaltningsorganet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før ein gjer vedtak. Offentlege og private institusjonar og organisasjonar, fag- eller interessegrupper som forskrifta skal gjelde for eller som får sine interesser særlig berørt, skal få høve til å uttale seg. Forvaltningsorganet avgjer på kva måte førehandsvarsling skal føregå og kan sette frist for å gi uttale.

Framlegg til ny forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgift bør leggjast ut på høyring i 6 veker på kommunen si heimeside og annonserast i Ytre Sogn. Vidare bør forskrifta oversendast storvald/vald i kommunen, jakt- og fiskelag, bondelag, småbrukarlag samt statlege og fylkeskommunale forvaltningsorgan til uttale.

### **Konklusjon**

Framlegg til ny forskrift bør leggjast ut på høyring slik den ligg føre.